



Foto: Signe Vreim Østveit

# ÅRSMELDING BØ SOKNERÅD 2021

Godkjent i Bø sokneråd 28.februar 2022

Martin Stærk  
martin.stark@mtkyrkje.no

## 1 INNHALD

---

2	Innleiing .....	3
3	Særskilte hendingar i 2021 .....	3
4	Gudstenesteliv .....	3
4.1	Ulike gudstenester .....	3
4.2	Høgmesse .....	4
4.3	Familiiegudsteneste .....	4
4.4	Kveldsgudsteneste .....	4
4.5	Frivillig klokkarteneste og powerpointstyring .....	4
5	Gravferd .....	4
6	Vigsel .....	5
7	Trusopplæring .....	5
7.1	Dåpssamtale og dåpsgudsteneste .....	5
7.2	Babysong og musikkleik (alder: 1 år) .....	5
7.3	Familedag på Jønnbu Fjellkyrkje (alder: 3-5 år) .....	5
7.4	Søndagsskulen (alder: 3-9 år) .....	5
7.5	Utdeling av 4-årsbok (alder: 4 år) .....	6
7.6	Karnevalsgudsteneste med førebuande samling. Utdeling av 6-årsbok (alder: 6 år) .....	6
7.7	Juleforestillingar (alder: 7-8) .....	6
7.8	Internasjonal gudsteneste og måltid (alder: 8 år) .....	6
7.9	Give me Five (minikonfirmantar) (alder: 10-11 år) .....	6
7.10	Fordjupning i Bibelgjengen (alder: 10-12 år) .....	6
7.11	24-Hours Festival (alder: 11-13 år) .....	6
7.12	Mesternes mester (alder: 12 år) .....	7
7.13	Konfirmasjon (alder: 14-15 år) .....	7
7.14	Z-ungdom .....	8
7.15	Filmfestival (alder: 15-18) .....	8
7.16	Korarbeid og orgelklubb .....	8
8	Diakoni .....	8
8.1	Diakoniutval .....	8
8.2	Tru og lys .....	9
8.3	Kirkens Nødhjelp .....	9
8.4	Bøn for bygda .....	9
9	Misjonsprosjektet .....	9



## Årsmelding Bø sokneråd 2021

10	Givartjeneste .....	9
11	Kultur .....	10
12	Rådsarbeid.....	10
12.1	Soknerådet .....	10
12.2	Utval .....	10
12.2.1	Arbeidsutval.....	10
13	Informasjonsarbeid .....	10
14	Personal og økonomi.....	11
14.1	Prestetjeneste .....	11
14.2	Fellesrådstilsette .....	11
14.3	Økonomi .....	11



## 2 INNLEIING

---

Bø sokneråd arbeider under visjonen **"Vi vil skapa ein møteplass mellom Gud og menneske og menneske i mellom"**. Saman med mange frivillige og staben er det mange gode møteplassar og aktivitetar gjennom året.

## 3 SÆRSKILTE HENDINGAR I 2021

---

2021 har vore prega av pandemi. Mykje av arbeidet har vore på vent og blitt avlyst, men dei fleste av gudstenestene og dei kyrkjelege handlingane blei gjennomført med eit begrensa tal deltakarar.

Det har vore eit krevjande år med stadig nye forandringar, reglar der staben har hatt lengre periodar med heimekontor og stabsmøter digitalt eller i Tomaskapellet med god avstand.

For andre gong sidan krigen blei det ikkje halde påskegudstenester, men kyrkjetrappa blei pynta med blomar og påskehelsing som folk kunne ta med seg, og det var satt opp 14. stasjonar på kyrkjegarden der påskas bodskap blei formidla. Konfirmasjonsgudstenestene blei flytta til fyrste helga i september og blei ei god avslutning på konfirmasjonsåret med kapellan Kristian Gotehus Køhn som prest.

På julaftan var det fire gudstenester med 50 personar på kvar gudsteneste.

Dette året er det gitt ut 4 nummer av «Bø kyrkjeblad» i fargar på 24 sider. Kyrkjebladet er blitt tatt godt i mot og det er folk frå bygda som er med og deler ut bladet frivillig. Bladet har 8 annonsørar, men me treng fleire gåver for å få finansiert bladet.

Etter konfirmasjonen i september slutta kapellan Kristian Gotehus Køhn etter å ha vore prest her i 7 år. Som vikar fekk vi prostiprest Tone Anne Hvalen som tenestegjorde fram til 31.12. Stillinga har vore utlyst utan at det har kome kvalifiserte søkarar.

Bø sokneråd fekk tilslag på søknad om midlar til oppstart av kyrkjemusikalsk senter, og KIRKUS er nå registrert i Brønnøysund og er i gang med arbeidet. KIRKUS har eigen årsmelding.

## 4 GUDSTENESTELIV

---

Det blei halde 63 gudstenester i Bø sokn i 2021, 15 med nattverd. Av desse var det 60 gudstenester i kyrkjene, 2 på Bø sjukeheim og 3 gudstenester andre stader – 1 på Dampfarveriet og 2 utegudstenester.

Det har i år vore fleire eigne dåpsgudstenester der berre familien har vore til stades.

Av smittevernomsyn har tal på deltakarar på gudstenestene variert dette året frå 30 -100.

Tru og lys hadde 4 gudstenester med nattverd i Tomaskapellet. Sjå punkt 8.2.

### 4.1 ULIKE GUDSTENESTER

Det blir halde fleire ulike gudstenester i Bø kyrkjelyd. Hovudgudstenestene i Bø er høgmesse. I tillegg har vi hatt:

5 familiegudstenester der to var utegudstenester

28. februar 2022



## Årsmelding Bø sokneråd 2021

4 kveldsgudstenester

2 samtalegudsteneste for konfirmantane

4 konfirmasjonsgudstenester

1 gudsteneste med skriftemål på askeonsdag

1 minnegudsteneste

22. juli-samling, minnemarkering

2 gudstenestesamlingar med open kyrkje, vandring

Gjennomsnittleg besøkstal for gudstenestene i kyrkjelyden 2021 var om lag 64 og det låge talet i forhold til andre år (125 i 2019) må sjåast i samanheng med dei begrensningar som regjeringa har satt på deltakarar pr. gudsteneste.

### 4.2 HØGMESSE

Høgmesse med nattverd er godt innarbeidd i vår kyrkjelyd. Til ei vanleg høgmesse utan dåp er frammøte på ca. 50-60 personar. Dette blei kraftig redusert i 2021 og sjølv om det var opne gudstenester med opptil 100 påmeldte som var det mange som frykta smitte og blei verande heime.

Det blei ofte eigne dåpsgudstenester og færre gudstenester der søndagskulen deltok

### 4.3 FAMILIEGUDSTENESTE

Familiegudstenestene er dei gudstenestene som famnar fleire generasjonar og som har størst oppslutning. Det er mange som kjem når barnekora eller «Give me five» deltek.

I år har det vore 5 familiegudstenester. Ein av desse var ute ved Jønnbu og ein utafor kyrkjekontoret.

### 4.4 KVELDSGUDSTENESTE

Vi har hatt fire kveldsgudstenester i 2021. Dei startar kl. 17, og har ei litt kortare liturgisk ramme. Oppmøtet har vore bra blant både unge og eldre. Konfirmantane har og blitt spesielt invitert til desse gudstenestene.

Gudstenester med dåp og nattverd

### 4.5 FRIVILLIG KLOKKARTENESTE OG POWERPOINTSTYRING

Det er fire frivillige klokkarar og 1 frivillige som har ansvar for powerpoint. Dei gjer ein viktig innsats. Under pandemien har det vore brukt mykje av eige program i gudstenestene og nesten ikkje Powerpoint.

## 5 GRAVFERD

---

Det blei halde 39 gravferder i 2021. Prest, organist og kyrkjetenar er opptekne av å gjennomføre gravferdene på ein verdig måte.

28. februar 2022



## 6 VIGSEL

---

Det har vore 8 vigslar dette året.

## 7 TRUSOPPLÆRING

---

### 7.1 DÅPSSAMTALE OG DÅPSGUDSTENESTE

Dei fleste dåpssamtalene går føre seg heime hos familiane. Det er ein fin måte å bli kjend på. Familiane slappar ofte meir av heime, samt at dei slepp å reise ut med dåpsbarnet. Men i dette året blei fleire samtaler gjennomført i kyrkja pga. smittevern.

På dåpssamtala deler presten ut informasjon om trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, og dåpsbarnet får ein papirengel med songen «Kjære Gud, eg har det godt». Under dåpsgudstenesta får kvart dåpsbarn ein barnebibel, og Give me Five har laga kvite duer som vi heng på «dåpstreet» i kyrkja for kvart barn som blir døpt. «Dåpstreet» skal minne kyrkjelyden på å be for borna som er døypte hos oss.

Vi er opptekne av at dei som blir døypte og familien skal oppleve at dei blir godt tatt imot av kyrkja, og vi inviterer dei med på det som skjer av aktivitetar og trusopplæringstiltak i kyrkjelyden, mellom anna babysong og musikkleik som er for dei aller minste.

### 7.2 BABYSONG OG MUSIKKLEIK (ALDER: 1 ÅR)

Det har var god påmelding til både Babysang og Musikkleik vår og haust i 2021. Desse kursa går over 8 gonger kvart semester, med samlingar annankvar veke. Babysang klarte 4 samlingar på våren før smittevernsreglane gjorde at vi måtte gje oss føre påske. Musikkleik, som naturleg nok utløyser meir rørsle i rommet, fekk berre to samlingar på våren. Hausten bar preg av at korleiar Grete Sele gjekk ut i sjukemelding frå medio september og ut året. Lise-Mette Møllerbråten fungerte som vikar på Babysang, og kurset gjekk som planlagd. Det viste seg å vere langt vanskelegare å finne vikar til Musikkleikgruppa, så det tilbodet blei satt på pause frå etter haustferien. I tillegg til vanleg annonsering, får alle døypte babyer og 1-åringar informasjon og invitasjon i posten, samt at det ligg informasjon om tilbodet på helsestasjonen.

Når barna har fylt 3 år, får dei invitasjon til å vere med i Minikoret

### 7.3 FAMILIEDAG PÅ JØNNBU FJELLKYRKJE (ALDER: 3-5 ÅR)

Jønnbu Fjellkyrkje er ein flott stad å samle born og familiar. Trusopplæringstiltaket vart arrangert ein sundag i slutten av januar. Det byrja med familiegudsteneste ute i kulda med song av born frå Soul kids. Pga. korona var oppsluttinga om gudstenesta lågare enn før.

### 7.4 SØNDAGSSKULEN (ALDER: 3-9 ÅR)

Søndagsskulen er eit stort og viktig arbeid i vår kyrkjelyd. Det kjem klart fleire på gudsteneste når det er søndagsskule. Også for dei vaksne si deltaking i kyrkjelyden er søndagsskulen viktig, men vi treng stadig fleire frivillige leiarar. Søndagsskulen deltek normalt på ca. 6-8 gudstenester i halvåret, men dette talet vart naturlegvis redusert i 2020. Til saman hadde søndagsskulen 4 samlingar dette året.

28. februar 2022



## Årsmelding Bø sokneråd 2021

### 7.5 UTDELING AV 4-ÅRSBOK (ALDER: 4 ÅR)

Utdeling av 4-årsbok er ein god tradisjon i bygda. I 2021 vart utdelinga flytta frå advent til januar 2022.

### 7.6 KARNEVALSGUDSTENESTE MED FØREBUANDE SAMLING. UTDELING AV 6-ÅRSBOK (ALDER: 6 ÅR)

Det blei ikkje halde nokon samling for 6-åringane før utdelinga av 6-årsboka dette året, grunna låg påmelding til dette. Dei blei som tidlegare invitert med brev til kvar einskild, og påmeldinga skulle føregå på kyrkja si nettside. Her låg det også informasjon om opplegget. Men karnevalsgudsteneste blei det, med band og koret Seltin. Dei frammøtte 6-åringane her fekk boka «Tre i eit tre» Trusopplæringsutvalet arbeider med idear om nytt opplegg for 6-årssamling.

### 7.7 JULEFORESTILLINGAR (ALDER: 7-8)

Det så lovande ut for barnekora si gjennomføring av Luciaførestilling i 2021, men få dagar før sjølve dagen, kom nye restriksjonar og arrangementet blei avlyst.

### 7.8 INTERNASJONAL GUDSTENESTE OG MÅLTID (ALDER: 8 ÅR)

Denne har ikkje fungert slik det var tenkt, og trusopplæringsutvalet har arbeidd med revidering av opplegget, då retta mot 9-åringane. Frå nå av skal 9-åringane bli invitert på eit «Orgelkids»-opplegg, der dei skal få bli kjende med kyrkjerommet, kyrkjeorgelet, kyrkjemusikk og liturgi. Opplegget skal avsluttast med deltaking på gudsteneste, der modellorgelet har ei rolle.

### 7.9 GIVE ME FIVE (MINIKONFIRMANTAR) (ALDER: 10-11 ÅR)

Give me Five er eit trusopplæringstiltak for femteklassingar etter skuletid på fredagar i deler av skuleåret. Vi har 10 samlingar på hausten og 12 på våren, i tillegg til at dei deltar på ein gudsteneste haust og vår. Det er og mange frivillige som er med og bidrar i ulik grad.

I 2021 var det ca. 15 deltakarar.

### 7.10 FORDJUPNING I BIBELGJENGEN (ALDER: 10-12 ÅR)

Bibelgjengen er eit alternativ for dei litt eldre borna når det er søndagsskule. Bibelgjengen hadde fire samlingar i 2020.

### 7.11 24-HOURS FESTIVAL (ALDER: 11-13 ÅR)

24-Hours Festival er eit konsept som Stiftinga Skjærgårdsgospel eig og driv. Det er ein 24-timars festival som er retta mot born frå 5.-7. klasse, og blir i Bø drifta i samarbeid mellom Bø pinsemenighet, Bø Normisjon og Bø kyrkje, samt kyrkjelydane i Nome, Sauherad og Seljord.

Skjærgårds har eit eige team med ansvar for musikk, forkynning, leiker og konkurransar. Dei har og med utstyr til dei forskjellige aktivitetane. Elles er vi avhengige av mange frivillige for å få festivalen til å gå rundt.

På grunn av pandemien blei denne festivalen ikkje arrangert i 2021.

28. februar 2022



## Årsmelding Bø sokneråd 2021

### 7.12 MESTERNES MESTER (ALDER: 12 ÅR)

Det var tredje året Mesternes Mesternes blei arrangert for 6. og 7. klasse. Dette er eit dagsopplegg som i år blei gjennomført på uteområdet til Nes menighetshus på Gvarv. Det var 18 deltakarar frå heile kommunen, 11 deltakarar frå Bø sokn. Mange ungdommar stilte opp som frivillige for å gjennomføre arrangementet.

### 7.13 KONFIRMASJON (ALDER: 14-15 ÅR)

Konfirmantarbeidet i Bø kyrkjelyd har etter kvart fått ein meir tydeleg og gjennomarbeida struktur, etter nokre år med større og mindre endringar.

Frå og med 2016 har konfirmantane i Bø kyrkjelyd vore med i «Ønsket og Elsket» sitt konfirmant- og leiartreningsopplegg.

Dei aller fleste konfirmantane er med på konfirmantleiren på sommaren. Konfirmantleiren finn stad på Gjennestad i Vestfold (og Telemark) i veke 32, som har vore fast kvart år, men som nå blir flytta til rette etter skuleferien. Leiren varar frå måndag til fredag.

I tillegg til konfirmantleir arrangerer «Ønsket og Elsket» eit par andre samlingar for konfirmantane gjennom året. «Konf. Kick-off» arrangerast for nye konfirmantar kvar vår med aktivitetar og informasjon om kva det vil seie å vere konfirmant i Den norske kyrkja og Øvre Telemark prosti. «Konf. Treff» arrangerast i forkant av Fasteaksjonen kvart år, med turneringar og informasjon om innsamlingsaksjonen og Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

«Ønsket og Elsket» er likevel ikkje berre for konfirmantar. Dei driv og leiartrening for ungdom. Tidlegare konfirmantar som ynskjer å vere ungdomsleiarar på leir blir med på eit eige leiartreningsopplegg med treffpunkt fleire gonger gjennom året. Dette var ein viktig grunn til at vi i Bø kyrkjelyd i 2016 ønska å vere med på «Ønsket og Elsket» sitt konfirmantprogram. Slik kan vi legge til rette for opplæring og utvikling av ungdomsleiarar som kan ha ein positiv påverknad på anna ungdomsarbeid i soknet. I 2021 var det 7 ungdommar frå Bø sokn som var med i leiartreningsprogrammet.

Ved å delta i «Ønsket og Elsket» blir det noko færre lokale konfirmantsamlingar elles i året. Dette er ein sak med to sider. På den eine sida kan det vere positivt for konfirmantane og for rekrutteringa at det ikkje er for tett program gjennom året. På den andre sida står ein i fare for å miste noko av kontakten med eigne konfirmantar grunna færre jamlege treffpunkt gjennom året.

Ein utfordring vi alltid vil ha med oss: Korleis kan vi halde på det nære og personlege i konfirmanttida, og samstundes vere med på eit stort konfirmant- og ungdomsprogram som både er attraktivt for dei unge og knyt sokn og kyrkjelydar saman?

Koronapandemien i 2021 hadde fleire konsekvensar for konfirmantarbeidet i kyrkjelyden. For 2020/21-kullet vart Konf.treff i Seljord avlyst og Fasteaksjonen gjort digital. Samtalegudsteneste og konfirmasjonar vart flytta til hausten. Konfirmasjonsleiren gjekk som avtalt, men med klare begrensningar på faste grupper og kohorter under leiren.

Soknerådet har no saman med dei fleste andre sokneråd i prostiet vedteke at konfirmasjon skal vere fast den fyste helga i september etter at konfirmantane har vore på leir. På hausten blir det ikkje konfirmasjonsundervisning, men konfirmantarbeidet startar opp etter nyttår med undervisning ca. kvar 14 dag fram til sommarferien. Eit slikt intensiv halvår kan skape betre kontakt mellom

28. februar 2022



## Årsmelding Bø sokneråd 2021

konfirmantane og prestane og auke rekrutteringa til ungdomsarbeidet, og få med nye leiarar i «Ønsket og Elsket».

### 7.14 Z-UNGDOM

Z-Ungdom er ein ungdomsklubb i Bø, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Bø Normisjon og Bø kyrkjelyd. Det er samling ein gong i månaden og som oftast på laurdagar.

I hovudsak er Z-Ungdom eit frivillig arbeid, sjølv om kapellanen brukar noko arbeidstid på organisering og samlingar. Det er om lag 11 vaksenleiarar som er med i ungdomsarbeidet, og som er med på å planlegge og arrangere samlingane.

Z-Ungdom er noko meir vaksenstyrt enn tidlegare ungdomsarbeid i kyrkjelyden, men har eit eige ungdomsstyre som kjem med innspel og gode idear til samlingane. Sjølv om 2021 vart eit annleis år, hadde vi fleire samlingar og «happeningar» i 2021: Tur til Tusenfryd, Gokart, SUP på Patmos, pendelhop, kveldar på Bø bedehus og juleavslutning på Jønnbu med julebord og aktiviteter.

Talet på ungdommar har vore litt opp og ned, særleg dette året, og vi har sett at det er viktig at nokon har eit hovudansvar for organiseringa. Det blir kapellanen si oppgåve. Slik det er no fungerer det greitt, og tilbakemeldingane frå dei som er med på samlingane, både ungdom og vaksne, har vore gode. Likevel er det alltid ein utfordring å få med nok frivillige vaksne og nå ut til ungdommane med informasjon.

### 7.15 FILMFESTIVAL (ALDER: 15-18)

Grunna pandemien blei det ikkje arrangert filmfestival eller noko anna opplegg for denne aldersgruppa i 2021.

### 7.16 KORARBEID OG ORGELKLUBB

Barnekora har eit aktivt arbeid, og har gjennomført mange øvingar på tross av pandemien. Mindre deltaking på gudstenester dessverre. Orgelklubben er godt i gang med 5 elevar. Kyrkjekoret har hatt færre øvingar grunna pandemien, men har fått gjennomført noko. Korskulen og orgelklubben har eigne årsmeldingar.

## 8 DIAKONI

---

### 8.1 DIAKONIUTVAL

Det har ikkje vore noko møte diakoniutvalet i 2021.

Av faste diakonale tiltak nemner vi:

1. Det blei ingen andakt/gudsteneste på arbeidssenteret for psykisk utviklingshemma pga. pandemien.
2. Det blei halde andakter på sjukeheimen frå Bø Kyrkje frå 17. februar og fram til sumaren og heile hausten i samarbeid med Normisjon og Soar. Andaktene er i andre høgda i dei nye omsorgsboligane og andaktene på skjerma avdeling blei flytta til kantina der det er piano. Frå Normisjon stiller Ulf Vege (talar) og Berit Sørbo (organist). Frå Soar har det vore Sigrid

28. februar 2022



## Årsmelding Bø sokneråd 2021

Aksnes Stykket som deltek saman med frivillige. Frå hausten blei andaktene for skjerma avdeling flytta til kl. 11.00 og i 2. etasjen begynte andakten kl. 12.30. Det positive i dette er at nesten alle frå dagsenteret kjem på andaktene i kantina, men noko færre frå skjerma avdeling.

Før sommarferien blei det halde ein konsert med kort andakt i hageamfiet på sjukeheimen med organist Bruno Hageman, solist Grete H. Sele, på saxofon Christel Barlaup og sokneprest Anne-Inger Lunner. Det blei godt mottatt.

3. Alle som fylte 90 år får tilbod om blomar og besøk.
4. Det er inga fast organisert besøksteneste i kyrkjelyden, men nokre får besøk av frivillige og av prestane i heimen og på sjukeheimen.

### 8.2 TRU OG LYS

Tru og lys er eit gudstenestetilbod for psykisk utviklingshemma på søndagar i Tomaskapellet kl. 17. Det er ei lita gruppe som varierer med frå tre - sju brukarar med følge kvar gong. Det var 4 samlingar i 2021, med nattverd, lystenning og kveldsmat. Leiarar er Signe Vreim Østtveit, Bente Klokkehaug, Kari Eika og Axel Bugge.

### 8.3 KIRKENS NØDHJELP

I 2021 vart det ei digital innsamling til Kirkens Nødhjelp. Innsamlingsaksjonen for konfirmantane vart altså avlyst, sjølv om vi oppfordra alle til å delta på, og dele den digitale aksjonen.

### 8.4 BØN FOR BYGDA

Bønn for bygda har samlingar kvar tysdag kl. 14.00-15.00 i Tomaskapellet. «Bøn for bygda» har ein fast bønELITURGI der målet er å be for og velsigna Bø-bygda og kyrkjas arbeid. Sjølv om det har vore begrensningar dette året så har det vore ei fast gruppe på ca. 4 -5 som har møtt trufast opp kvar tysdag.

## 9 MISJONSPROSJEKTET

---

Kyrkjelyden har dei siste åra hatt sitt misjonsprosjekt gjennom Normisjons misjonsarbeid i Kambodsja. Soknerådet har bestemt at det er 8 takkoffer som går til misjonsprosjektet. Bø kyrkjelyd overførte 10.800 kroner til History Makers i Kambodsja.

## 10 GIVARTENESTE

---

Givartenesta i Bø kyrkjelyd har i 2021 samla inn 105.600 kroner. Vi samlar nå inn til to tiltak. Det eine prosjektet er å samle inn midlar til trusopplæring. Dette er den største delen av givartenesta. Vi har også innsamling til ombygging av kapellet på Bøhaugen. Det er gledeleg å registrere at det er fleire som gir til givartenesta, og det kjem veldig godt med i arbeidet i kyrkjelyden.

28. februar 2022



## 11 KULTUR

---

Det har bore lite kulturarrangement i regi av kyrkjelyden i 2021 grunna pandemien. Det blei gjennomført konsert med Karin Okkenhaug på hausten. Der møtte 25 personar.

## 12 RÅDSARBEID

---

### 12.1 SOKNERÅDET

Soknerådet har i 2021 handsama 17 saker, og rådet består av følgende personar:

Leiar: Ulf Bruno Vege

Nestleiar: Randi Hegna Prestbakken

Medlem: Nils Ivar Agøy

Medlem: Ruth Hogstad Erikstein

Medlem: Ruth Olaug Telnes

Medlem: Jan Nikolai Boye

Medlem: Turid Nærdal Haatveit

Medlem: Bjørnar Nesje

Medlem: Axel Jørgen Bugge

Varamedlem: Geir Sønstebø

Varamedlem: Anna Katarina Persdotter Miland Thomsen

Varamedlem: Bente Klokkehaug

Varamedlem: Anne-Lene Refsum

Varamedlem: Yngve Stokstad

### 12.2 UTVAL

I 2021 har Bø sokneråd hatt fylgjande utval: trusopplæringsutval, gudstenesteutval, diakoniutval, kulturutval og givartenesteutval. Det har vore lite aktivitet i utvala grunna pandemien.

#### 12.2.1 Arbeidsutval

Arbeidsutvalets viktigaste oppgåve er å planlegge soknerådsmøta. I utvalet sit leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjevevjerje. På grunn av pandemien har det ikkje vore møte i forkant av alle soknerådsmøta.

## 13 INFORMASJONSARBEID

---

For å drive eit aktivt kyrkjelydsarbeid er det naudsynt med god informasjon til dei som ynskjer å nytte tilboda kyrkjelyden har. Vi informerer i hovudsak gjennom annonser i Bø blad, nettsida vår [www.bokyrke.no](http://www.bokyrke.no), facebook, kulturguiden for Midt-Telemark og oppslag ved kyrkja. Informasjon om trusopplæringstiltak blir som regel sendt ut via post i tillegg til nettsida. For å informere frivillige brukar vi sms og e-post. Påmelding til dåp og konfirmasjon skjer via heimesida eller ved telefonkontakt. I 2021 har vi gjennomført digital påmelding til mange av gudstenestene på grunn av smittevern.



## 14 PERSONAL OG ØKONOMI

---

### 14.1 PRESTETENESTA

Kristian Gotehus Køhn, kapellan i 80 %. Slutta hausten 2021. Tone Anne Hvalen var vikar ut året. Axel Jørgen Bugge, sokneprest i 100 %.

### 14.2 FELLESRÅDSTILSETTE

Martin Stærk, kyrkjevevje i 100 % (fordelt på Bø sokn og Sauherad og Nes sokn)

Rolf Axelsen Lie, organist i 100 % (permisjon i 50%)

Dagne Mo, sakshandsamar i 70% (40% lagt til fellesrådsoppgåver)

Håkon Holtar, kyrkjegardsarbeidar i 100 %

Per Johan Norvik, kyrkjetenar i 67 %

Håkon Mæland, kyrkjetenar i 5,6 %

Grete Sele, korleiar i 60 %

Signe Vreim Østtveit, trusopplærar i 20 %

### 14.3 ØKONOMI

Rekneskapen for 2021 visar eit meirforbruk på 45.980 kroner fordelt på dei einskilde avdelingane.

Givartenesta har bidratt med om lag 100.000 kroner, som har gått til trusopplæring og minibuss. Det har kome inn 6.000 kroner til ombygging av kapell. Meirforbruket blir dekkja inn av disposisjonsfond.

Status for fond:

Soknerådet har 233.850 kroner på fond. Fondet som var sett av til kyrkjelydshus er i 2021 overført til fellesrådet. Fellesrådet vil gjennomføre ombygging av kapellet i dialog med soknerådet.

Bø, 28.februar 2022

---

**Ulf Vege**

Soknerådsleiar

---

**Martin Stærk**

Kyrkjevevje

